

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/19	Kommunestyret	PS	11.04.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FE-141	17/963

### **Kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid.2013001 - Godkjenning**

#### **Vedlegg**

Statens Vegvesen - svar på attendemelding på uttale - tredje gongs offentlig ettersyn -  
Kommuneplan for Austrheim kommune  
Thorbjørn Misje - Merknader til omsynssone H910 - Kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2028 -  
planId 12642130  
Informasjon om «Reguleringsplan reiselivsverksemd Vardetangen» i samband med  
kommuneplanarbeidet i Austrheim kommune  
Samordna uttale frå Fylkesmannen og Statens vegvesen - kommuneplan - arealdelen 2018 - 2028  
Skisse 1- B40 og BA1 Vardetangen - Notat frå møte 13.09.2018  
Notat fra møte med kommunen 13.09.2018 v2  
Fylkesmannen i Vestland - Samordna uttale med motsegn - 3. offentlege ettersyn -Austrheim-  
kommuneplan-arealdelen 2018-2028  
Hordaland Fylkeskommune - merknad til kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-  
2028 - tredje gongs offentlig ettersyn  
Forum for natur og friluftsliv Hordaland - merknad til kommuneplanen sin arealdel i Austrheim  
kommune 2018-2028 - tredje gongs offentlig ettersyn  
Oversendingsmail  
Aksjonsgruppa «Nei til rasering av Øksnesmarka og Åråsvågen» - merknad til kommuneplanen -  
arealdel 2017-2027, 3. gangs offentlig ettersyn  
Terje Dalen og Karin Ljostveit - merknad til kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune  
2018-2028 - Tredje gongs offentlig ettersyn  
Statens Vegvesen - merknad til kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2018-2028 -  
Tredje gongs offentlig ettersyn  
Austrheim Landbrukskvinnelag - merknad til kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune  
2018-2028 - tredje gongs offentlig ettersyn  
Leir Korsøen og Kari korsøen - Merknad til kommunedelplanen sin arealdel i Austrheim kommune  
2018-2028  
Merknad - kommuneplan-arealdel i Austrheim kommune 2017 - 2027

Merknader til kommuneplanen sin arealdel for Austrheim inkl. Øksnesmarka  
Merknader til Øksnesmarka og Åråsvågen  
Oversendingsmail  
Fylkeskonservatoren - merknad- andre gongs offentleg ettersyn av kommunen sin arealdel 2016 - 2027  
Kystverket - merknad - øksnesmarka - andre gongs offentleg ettersyn av kommunen sin arealdel 2016 - 2027  
AUSTRHEIM KOMMUNE-Planskildring2  
Arealplankart - reguleringsplan reiselivsverksemd Vardetangen  
Bestemmelser - reguleringsplan reiselivsverksemd Vardetangen  
Planvedtak - reguleringsplan reiselivsverksemd Vardetangen  
Kommuneplan revidert 2018-A0 m kart  
Trekker motsegn - Austrheim - kommuneplan - arealdelen 2018 - 2028 - ref 16/5084 FMHO  
Hordaland fylkeskommune - trekking av motsegn  
Føresegner kommuneplanen sin arealdel - Austrheim kommune - 2019 - 2029 OK

### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim formannskap godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001, unnateke Øksnesmarka N18.

Øksnesmarka N18 vert teken ut av planen og det skal utarbeidast utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området.

Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.

Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekte samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

Austrheim kommune godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001. Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekte samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

### **Kommunestyret - 017/19 - 11.04.2019**

#### **KS - behandling:**

Asbjørn Toft, avdelingsleiar for plan-, bygg-, oppmåling- og miljø, orienterte om arbeidet med kommuneplanen. Sjå vedlegg.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er stort press på friluftsområde, og viste til sentrale ønskje om å verna natur som våtmark, myrer og skog. Dette bør me etterstreva å følgja, sa Austrheim, og viste også til at samfunnsdelen seier at næringsutbygging skal skje i Mongstadområdet. Fylkesmannen vore tydeleg på at Øksnesmarka bør vernast, dette vil KrF støtta, det vil få store konsekvensar med

næring her. Vil ha N18 ut av planen og konsekvensutgreiast før ein tek ei ny vurdering av korleis dette området skal ligga i kommuneplanen. Sa også at Øksnesmarka kanskje har tatt mykje fokus frå andre ting i planen.

Jan Erik Espelid (V) sa at nokre må tala naturen si sak, og at ein må levera Øksnesmarka vidare til neste generasjon, med tanke på artsmangfald, og som rekreasjonsområde. Viste til at det har vore eit stort engasjement for vern av Øksnesmarka, både frå private og organisasjonar, medan berre nokre få har vore for å ha industri der.

Liv Ulvøy (Uavh) viste til at då det var tale om verkstad for boreplattformer på Vardetangen var ho mot dette og vann. Støttar KrF og Venstre, og sa at vinn me denne kan det verta like fint i Øksnesmarka som på Vardetangen. Meiner det er å gå baklengs inn i framtida å bygga ned eit urørt område som Øksnesmarka, det bør ein bevare og ta vare på for framtida.

Asbjørn Brandtun (Ap) sa at det er flott at det er så stort folkeleg engasjement i saka, men at denne saka kanskje tatt merksemd frå anna i kommuneplanen. Øksnesmarka har lagt som næring sidan 70-talet. Vil støtta det vidare, samstundes som ein ser at det er mange og ulike interesser i saka.

Området er no redusert til 500 mål på land og 100 mål i sjø, og som Fylkesmannen ser eg dette som eit potensielt næringsområde til sjø, som kan opna for spennande arbeidsplassar.

Ei evt. utbygging kjem først etter at ein oppfyller krav om reguleringsplan. Kanskje vil den planen redusera området ytterlegare. Ei planlegging vil ta tid og vil kosta pengar, vil ikkje skje utan at der er bedrifter som er interessert. Kommunen og andre skal gje sin uttale til dette seinare.

Brandtun meiner vedtaket i formannskapet om at kommunen skal ta kostnaden vil føra til at området vert teke ut av planen. Sa at han hadde merka seg at dersom området skal vera interessant i framtida må det både lyngbrennast og beitast, og kanskje kan dei bedriftene som vil etablere seg også bidra til å utvikla Øksnesmarka som naturområde.

Reida Øksnes (Sp) etterlyste ein meir demokratisk prosess med kommuneplanen. Me vil gjera det beste for innbyggjarane og har invitert dei til å komma med innspel, så ser me at andre endrar planen. Er det forbode det som Fylkesmannen vil ha vekk? Når ein skal sikra ålmenta tilgang til sjø, er det ikkje nettopp ålmenta som ønskjer seg båthamn og slik tilgang til sjøen? Viser til dei punkta der Fylkesmannen har teke ting ut av planen, og etterlyser at Fylkesmannen tek ansvar for å sjå det beste for Austrheim og innbyggjarane her.

Når me i eit så viktig dokument vert handlingslamma på denne måten, er det då interessant å vera politikar i denne kommunen? Me ville stå utanom storkommunen nettopp fordi me meinte me kan driva den best sjølv med eit godt tilbod til innbyggjarane våre. Kvifor har ikkje me som politikarar vore meir merksame på dette. Vil det seia at me i ein del samanhengar har svikta innbyggjarane, ved at me har hatt for stor merksemd på Øksnesmarka, og skulle ha kjempa andre saker gjennom mot Fylkesmannen. Har «sove i timen» på dei andre tinga me ikkje har kjempa hardt nok for å få med vidare.

Om Øksnesmarka sa Øksnes at det bør ligga som LNF som no. Viste til at det tidlegare er sagt at Teinelva skulle ligga som buffer mot næringsområdet, no er denne del av området. Viste også til at det var krav om detaljregulering for alt, men det gjort delingar i området på delegert vedtak, i strid med føresegner som ligg i gjeldande plan.

Er ikkje nøgd med prosessen, sidan det har vore tre ulike areal som har vore ute på høyring i dei tre høyringsrundane. Meiner det ikkje har vore godt nok grunngeve frå administrasjonen når kartet er endra for Øksnesmarka. Er ei god og samfunnsnyttig ordning å ta Øksnesmarka ut av kommuneplanen, liknande det som var gjort på Vardetangen.

Morten Sognnes (H) sa at det er på tide å landa denne planen. Høgre er eit næringsparti, og med det programmet me gjekk til val på er det rett å seia ja til næringsområdet. Gruppa er splitta, men fleirtalet vil halda på planen. Meiner kommunen har andre ting å bruka på pengar på enn å laga konsekvensutgreiing.

Det interessante er moglegheiter for oppdrettsanlegg på land og dei arbeidsplassane det kan skapa, pluss at nokon kan gjera seg nytte av slam frå oppdrett. Er liknande planar på Vadheim i Høyanger og Brekke i Gulen. Når kommune og næringslivet må kutta må ein leggja til rette for nye etableringar

innan næringslivet. Sognes viste til eit lesarinnlegg Naturvernforbundet har hatt på trykk i avisa Nordhordland, der han reagerer på språkbruken, og sa at det må vera mogleg å ha ei anna meining i ei sak enn naturvernarar, utan å bli stempla på grunn av det.

Per Lerøy (Ap) sa at næringslivet meiner at Øksnesmarka har unike moglegheiter for oppdrett på land. Der kan ein handtera avfall frå oppdrett og bruka det til gjødning, og få bukt med lakselus ved å ta vatn frå minus 50 meter. Med oppdrett på land kan ein dessutan styra temperaturen og auka tilveksten på laksen. Regjeringa har ambisiøse mål om vekst i mat, som ikkje kan hentast i landbruksproduksjon, må auka marin produksjon, og er Øksnesmarka heilt ideell.

Skal setta strenge krav til næring, for korleis området skal byggast ut. Fylkesmannen har sett krav til konsekvensutgreiing og detaljregulering. Til slutt er det lokalpolitikarar som saman med ulike mynde skal styra ei slik utbygging.

Skal ta omsyn til natur og miljø, men skal samfunnet eksistera treng me arbeidsplassar, kortreiste arbeidsplassar. Naturressursane ligg i distrikta, og ein må jobba for å halda på dagens arbeidsplassar, og bygga nye. Om Fylkesmannsembetet si haldning meiner Lerøy at der er ulikskap mellom det som er avtala i møte med Fylkesmann Sponheim, og det som kjem i referata frå desse dialogmøta.

Kva vil folk at me skal leva av, når både olje/gass og oppdrettsnæringa er fy? Med auka straumpris ryk også smelteverka, og me kan øydelegga tre næringar.

Jorund Stellberg (Uavh) viste til at det er jobba lenge med kommuneplanens arealdel. Ein er «utsnakka om dette no», med to frontar mellom industri eller vern. Sa at å opna for industri er irreversibelt, og at industriområde i Øksnesmarka er heilt i utakt med den gryande folkemeininga om å ta vare på urørt natur. Stellberg oppfordra til at ein i ein kommune som Austrheim, med formannskapsmodellen som politisk styringsmodell, prøvde å dra med seg mindretalet og jobba for konsensus. Meinte det må vera mogleg å ta Øksnesmarka ut av planen som eit konsensusavgjerd, og gje dette den gjennomgangen som uansett skal gjerast før området kan nyttast til næring. Stellberg ba om gruppeleiar møte for å finna konsensus i denne saka.

Liv Ulvøy (Uavh) spurte om korleis ein skulle løysa vegtilkomsten til Øksnesmarka, og sa om fiskeoppdrett at ho har meir tru på lukka anlegg i sjø enn landbasert anlegg i industriområdet i Øksnesmarka.

Reidar Øksnes (Sp) spurte kvifor det er brukt pengar på konsekvensutgreiing (KU) og konsulentar frå Multiconsult når ein seier at desse ikkje var noko verdt. Øksnes sa vidare at dersom kommunestyret ikkje vil følgja opp rapportane så skulle ein ikkje løyvd pengar i utgangspunktet. Etterlyste savar på kvar vegen skal gå inn i dette området gå, og sa at vegløyvinga og areal til veg må vera del av saka.

Per Lerøy (Ap) sa at KU-en vart utarbeidd av Multiconsult på oppdrag frå administrasjonen, og at Fylkesmann Lars Sponheim etterlyste kor store areal i Øksnesmarka som trengst for å ta vare på akkurat det KU-en peikar på. Lerøy sa vidare at ein veg inn til næringsområdet må løysast gjennom ein reguleringsplan, og at dette skjer først når det kjem ein aktør som stiller midlar til plan og gjennomføring. Når dette skulle skje er det kommunestyret som saman med andre aktørar skal godkjenna ein slik reguleringsplan. Om landbasert fiskeoppdrett sa Lerøy at det ikkje er sikkert at det kjem eit slikt anlegg i Øksnesmarka, men det vert planlagt og bygt andre stader.

Kommunestyret tok pause for gruppeleiar møte.

Jorund Stellberg (Uavh) tok ordet etter gruppeleiar møtet og sa at ho beklaga at det ikkje vart søkt konsensus i denne saka.

Rikke Heldal Hope (H) sa at Høgre-gruppa er splitta i denne saka, og at ho ville halda seg til den avtalen som vart gjort etter valet i 2015, med nei til næringsområde i Øksnesmarka.

Reidar Øksnes (Sp) sa til rekkefølga i avstemminga at det måtte mogleg å stemma for det er ein for, og mot det ein er mot.

Ordførar Lerøy sa at dei to framlegga til vedtak vert sette opp mot kvarandre. Dei som støttar formannskapet blir sitjande, dei som støttar rådmannen reiser seg.

Vedtak:

Rådmannens framlegg vedteke med 10 mot 7 røyster, altså med 59 prosent mot 41 prosent.

Fleirtalet var Ap sine 8 pluss to frå Høgre (Viggo Leirvåg og Morten Sognes).

**KS - vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2019-2029, planid 2013001. Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innspel, innkomne merknadar og i høve til strategiane i den vedtekne samfunnsdelen. Plandokumenta er datert den 11. april 2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si § 11-15.

**Saksopplysninger:**